

# KULTURPOSTEN

## APRIL 2018

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



Programmet for kulturdagane finn du på <http://www.radoy.kommune.no/kulturdagane2018>



**RADØY**  
den grøne øya

# KULTURPOSTEN APRIL 2018

## Aktuelle tilskotsordningar - Radøy kommune

### Driftsmidlar (kulturmiddlar) til lag og organisasjonar

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar. Tilskotet skal dekkja driftsutgifter som administrasjon, leige av lokale, instruktørutgifter og andre løpende utgifter. Det vert ikkje gjeve driftstilskot til lag som har som einaste formål å drifta lagshus.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmiddlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmiddlar), evt ta kontakt med bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Søknadsfrist er 30. april.

### Tilskot til mindre kostnadskrevjande investeringar i kulturbrygg og -anlegg

Det kan gjevast tilskot til:

- Investeringar i eigne kulturbrygg og -anlegg
- Kjøp av utstyr og materiell til eigne kulturbrygg og -anlegg

For meir informasjon og søknadsskjema sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmiddlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmiddlar), evt ta kontakt med bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Søknadsfrist er 30. april

### Midlar til tilrettelegging av turstiar

I budsjettet for 2018 er det sett av midlar til tilrettelegging av turstiar. Lag og organisasjonar og privatpersonar som ynskjer å tilretteleggja ein eller fleire turstiar i Radøy kommune kan ta kontakt med Bente K. Hervik på tlf. 56 34 90 12 eller på e-post [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no).

### Leiaropplæring (Radøy kommune)

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekka utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenrarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmiddlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmiddlar), evt ta kontakt med [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

### Prosjekt- og aktivitetsstøtte (Radøy kommune)

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr.

Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmiddlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmiddlar), evt ta kontakt med [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

# KULTURPOSTEN APRIL 2018

## Arrangement under kystsogevekene?

Kystsogevekene er ei årleg mønstring av arrangement i 22 kystkommunar, frå Sveio i sør til Gulen i nord, med fokus på tradisjonell og moderne kystkultur. I år vert kystsogevekene arrangert i perioden frå 4. august til 16. september.

Dei som ynskjer å ha eit arrangement under kystsogevekene i Radøy kan melda inn til Bente K. Hervik på tlf. 56349012 eller e-post: [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no). De kan også registrera arrangementet direkte på kystsogevekene si nettside [www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no).

Frist for å melda inn arrangement er 10. mai.



Frå opninga av kystsogevekene på Risnes 2017.

## Strandryddedagen 5. mai

Bli med på den store strandryddedugnaden i Radøy kommune!

Alle som ynskjer å delta denne dagen må registrera seg på rådhuset kl. 10.00. De får du uttelt sekkar og hanskar.

Me samlast igjen kl. 15.00 til pølser, kaffi og saft. Det vert trekning av premie blant alle laga som deltar denne dagen.

Følg med på nettsider og facebook for meir informasjon!



Morkevika. Foto: Harald Matland.



RADØY KOMMUNE  
Kultur- og sørvistorget